

Saksbehandlar: Ingrid Johannessen

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Dato: 12.04.2023

Arkivsak-ID.: 23/1045

JournalpostID: 23/5966

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/23	Formannskapet	25.04.2023

Endring av Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Endring av «Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg», planid 1160-18-05, blir vedtatt slik det ligg føre med plankart datert 04.04.2023.

Formannskapet 25.04.2023:

Behandling:

Repr. Modolf Haraldseid (H) kjende seg ugild i saka etter forvaltningslova § 6, 2. ledd

Repr. Therese Nesheim (H) kjende seg ugild i saka etter forvaltningslova § 6, 2. ledd

Eit samla kommunestyre støtta at repr. Haraldseid og Nesheim var ugild i saka. Dei blei ikkje med vidare i behandlinga.

Kommunedirekøren sitt framlegg til vedtak samråystes vedtatt.

FS- 047/23 Vedtak:

Endring av «Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg», planid 1160-18-05, blir vedtatt slik det ligg føre med plankart datert 04.04.2023.

Saksutgreiing

Samandrag

«Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg» blei vedtatt i 2020. Planen legg til rette for utviding av settefiskanlegget med fleire nye produksjonshallar og nye kaianlegg. Planen regulerer også vassinntaket til settefiskanlegget som ligg i Malasetvatnet.

Denne saka handlar om ei endring av arealet som er regulert i Malasetvatnet. Endringa skuldast behovet for å legge vassinntaket på djupare vatn for å få jamnare temperatur på vatnet og for å redusere energiforbruket. For å oppnå dette har detaljprosjektering av inntaksleidning vist at regulert areal i Malasetvatnet må strekke seg lengre mot sør, men kan reduserast i omfang til ein 20 m brei trase. Arealbeslaget blir dermed redusert frå ca. 40 daa til 24daa.

Saks- og faktaopplysningar


Multiconsult søker på vegne av Bremnes Seashore AS om endring av Detaljregulering for Trovåg

settefiskanlegg. Endringa skuldast behovet for å legge inntaksleidninga i Malasetvatnet på større djupne.

Gjeldande reguleringsplan blei vedtatt i kommunestyret 15.12.2020.

I dag har Bremnes Seashore 3 stk. Ø 400 mm inntaksleidningar i Malasetvatnet, i tillegg til uttak direkte frå damanlegget via ein Ø630 mm leidning ned til anlegget. Dei 3 leidningane i Malasetvatnet ligg på ca. 7 meters djupne og vatnet ved damanlegget vert fort varma opp før uttak, spesielt om sommaren. Dette gjer at Bremnes får store variasjonar i temperaturen på vatnet som kjem ned til anlegget gjennom året. For å kunne få eit meir stabil temperert vatn på inntaket, blei det i gjeldande reguleringsplan lagt opp til ny inntaksleidning frå djupare nivå i Malasetvatnet. Planavgrensinga var den gong sett ut i frå loddning i området.

Bremnes Seashore AS har no gjennomført botnskanning av Malasetvatnet og funne at det djupe partiet i vatnet ligg lengre mot sør enn tidlegare antatt. Avgrensinga av gjeldande reguleringsplan gir ei djupne på 15 meter, medan forslag til ny reguleringsendring gir trase med stopp på djupne 24 meter. Inntak 9 meter djupare gir betre tilhøve for meir stabil temperatur på vatnet året rundt. Bremnes har ikkje behov for areal utover dette. Ein trase med breidde 20 meter vert difor regulert inn og arealbeslaget vert dermed kraftig redusert, frå ca. 40 dekar til ca. 24 dekar. Sjå kartutsnitta nedanfor.



Inntak av vatn krev konsesjon frå NVE og Trovåg settefiskanlegg har gjeldande konsesjon som blir nytt. Ny leidning vil ikkje føre til uttak av meir vatn, berre meir stabilt temperert vatn. Det vil redusere energiforbruket som går til temperaturregulering av vatnet.

Den nye leidninga vil gå frå damanlegget, under fylkesvegen og ut til 24 meters djupne, totalt 675 meter. Leidningen skal leggjast med Ø 630mm, og vert forankra på botn anten med lodd som er festa på røyret eller at ein nyttar dobbeltveggrøyr med innebygd loddning. Plan og lengdeprofil av trase er vedlagt.

I samband med nytt vegkryss til Trovåg skal det fyllast ut i Malasetvatnet og etablerast røyr under vegen for sikring av 200-års flaum og ny inntaksleidning. Det føreligg godkjende teikningar for nytt vegkryss av Rogaland Fylkeskommune. Det er gitt løyve om fysiske tiltak/godkjenning frå Statsforvaltaren i Rogaland til fylling i Malasetvatnet i samband med realisering av nytt vegkryss i Trovåg.

Planendringa fører ikkje til endringar i føreseggnene. Pkt. 3.5.1 blir vidareført slik den er i dag: «*Malasetvatnet er regulert til dette. Her vil det vera avgrensa bruk av området pga. konsesjon for uttak av vatn til settefiskanlegget. I området kan det etablerast nye inntaksrøyr for vatn.*» Elles er drikkevatn frå vatnet sikra i punkt 2.3.4 i føreseggnene.

Forenkla planprosess

Plan- og bygningslova §12-14, andre ledd, gir opning for å vedta endring av reguleringsplan etter ein enklare prosess når endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, ikkje går ut over hovudramma i planen, og heller ikkje påverkar omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

I ein slik forenkla planprosess, er det m.a. ikkje krav om varsling av oppstart av planarbeidet. Planvedtak kan fattast av formannskapet i samsvar med kommunen sitt delegeringsreglementet.

Omsøkt endring vil vere av omfang og karakter slik at kommunen vurderer at den kan behandlast etter forenkla prosess og det er heller ikkje komme inn vesentlege merknader som tilseier at det ikkje kan skje. Kommunen vurderer framleis at endringa kan skje etter PBL §12-14.

Innkomne merknadar/uttale frå partar

Planforslaget blei sendt direkte på høyring frå Multiconsult i brev datert 17.02.2023. Det kom inn følgande uttalar:

Rogaland fylkeskommune, plan-, miljø- og samfunnsavdeling

Fylkesdirektøren har ingen vesentlege merknader til den føreslårte endringa.

Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv

Stavanger Maritime museum kjenner ikkje til skipsfunn eller automatisk freda kulturminne som rører ved den omsøkte planendringa. Dei vurderer at det ikkje er nødvendig å gjennomføre arkeologisk registrering, men minner om stans- og meldeplikta ved eventuelle funn.

Konsulenten sine kommentarar:

Pkt. 2.1 i føreseggnene ivaretar stans- og meldeplikta. Det er ikkje behov for endringar i føreseggnene.

Statsforvaltaren i Rogaland

Statsforvaltaren har ikkje særskilte merknader til endringa. Dei legg til grunn at sjølve inngrepene i vassdraget er eller vil bli avklart etter særlovverk. Gjennomføring av legging av leidning vil kunne medføre midlertidig forringing av vasskvaliteten i Malasetvatnet og Trovågbekken. Vassdraget er katadromt (ål som er ein trua art) og det er også mogleg at vassdraget er anadromt (aureførande).

Konsulenten sine kommentarar:

Ny leidning blir etablert i Malasetvatnet i samsvar med konsesjon gitt av NVE for inntak. Det vil ikkje bli gjort tiltak i Trovågbekken. På nettsida til Rogaland fylkeskommune er det informasjon om at legging av kablar/leidningar blir vurdert som vanleg aktivitet i sjø og vassdrag, og at desse tiltaka ikkje blir behandla som muddring.

Statsforvaltaren vurderer arbeid som midlertidig verksemd, der vanleg forureining er tillate, jf. forureiningsforskrifta §8. Pkt. 2.2 i føreseggnene ivaretar tiltak i vassdrag.

Kommunedirektøren sine kommentarar:

Det stemmer at legging av leidningar i sjø og vassdrag er definert under midlertidig anleggsverksemd, som det er eit unntak for i forureiningslova §8, første ledd punkt 3. Vanleg forureining frå midlertidig anleggsverksemd er, jamfør lova, tillate utan behov for særskilt løyve, jf. §11, men det legg til grunn at anleggsverksemda er mellombels og at ei eventuell forureining er

vurdert som vanleg.

Kommunedirektøren vil understreke at legging av leidning i sjø og vassdrag er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova.

NVE

NVE legg til grunn at mindre endring av plan ikkje går ut over gjeldande konsesjon med vilkår. NVE minner om at konsesjonær må følgje opp dei pliktar som ein konsesjon gir.

NVE legg med sin uttale til nytt kryss i Trovåg og konsesjon til Bremnes Seashore AS.

Konsulenten sine kommentarar:

Uttalen blir tatt til etterretning og Bremnes Seashore AS ser tiltaket opp mot gitt konsesjon. Det blir ikkje gjort endringar i reguleringsplan.

Mattilsynet

Mattilsynet har vurdert planendringa med spesielt omsyn til drikkevatn, fiskehelse og –velferd. Dei har ingen merknader.

Alf Magne Haaland Frønsdal, eigedom 338/12

Frønsdal ber om at det blir utvist forsiktigkeit ved utlegging av nye røyr, då deira vassinntak ligg i same retning, men noko nærmare land.

Konsulenten sine kommentarar:

Pkt. 4.2 i føresegnene i gjeldande reguleringsplan har eit eige punkt om dette. Det vil ikkje bli gjort endringar i føresegna.

Beredskap

I samband med utarbeiding av gjeldande reguleringsplan blei det laga ei ROS-analyse. Analysen viser ingen uønskt hendingar knytt til Malasetvatnet. Reguleringsendringa påverkar ikkje vurderingane i ROS-analysen.

Vurdering

Då gjeldande «Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg» blei utarbeida, blei planforslaget konsekvensutgreia for følgande tema: naturressursar, naturmiljø, strandsone, landskap, nærmiljø og friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, samferdsle, samfunnsinteresser, folkehelse og barn og unge sine interesser.

Det som nå er til behandling, er ei mindre endring av planen som berre endrar areal i Malasetvatnet. Vurderingane som er gjort i det følgande er såleis knytt til regulert areal i vatnet og tiltaket som følgje av denne reguleringsendringa.

Landskap

Det er gjort omfattande vurderingar av landskap i gjeldande reguleringsplan. Etablering av ny inntaksleidning vil bli lite synleg i terrenget. Leidning skal gå frå damanlegget og leggast i kulvert gjennom fylkesvegen og ut i Malasetvatnet. Leidningen blir lagt på vassbotn. Endringa av reguleringsplanen vil ikkje påverke landskapet.

Strandsone og friluftsliv

Malasetvatnet er regulert og er eit inntaksområde for vatn til Trovåg settefiskanlegg. Det er gjort tiltak som sikrar eit meir stabilt vassnivå i vatnet gjennom årstidene. Vatnet og området rundt er ikkje registrert som eit friluftsområde, men grunneigarar og folk i nærmiljøet brukar vatnet aktivt til fiske.

Ny inntaksleidning er lagt langs den djupaste delen av vatnet for å få best stabilitet. Leidningen har god avstand til strandkanten og vegetasjonsona. Eksisterande og ny leidning legg beslag på eit avgrensa areal og påverknaden av området vil ikkje bli vesentleg endra.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området, og potensialet for funn er vurdert som lite. Stavanger maritimt museum kjenner ikkje til skipsfunn eller automatisk freda kulturminne som blir berørt, og finn ikkje behov for å gjennomføre arkeologiske registreringar.

Naturmangfold og naturressursar

I gjeldande reguleringsplan er det gjort vurderingar av konsekvensar i høve til anleggs- og driftsfase for hydrologi, fisk og ferskvatn. Ny leidning vil ikkje føre til uttak av meir vatn og vil såleis ikkje endre påverknaden på naturmangfaldet.

Samferdsle

Fylkesveg 4736 kryssar Malasetvatnet. Gjeldande reguleringsplan legg til rette for ei utbetring av nytt vegkryss til Trovåg og til opparbeiding av busstopp på begge sider av vegen. Tiltaket vil krevje utfylling i vatnet.

Grunntilhøve, vatn og avløp

Eigedom 338/12 har minireinseanlegg for avløp mot kanalen for gjennomstrøyming av vatn under vegen. Løysinga vil bli inkludert i arbeidet med nytt vegkryss. Inntaksleidningen vil ikkje komme i konflikt med denne.

Miljøpåverknad, flaum og erosjon

Desse tema er vurdert og sikra i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje påverke desse tema.

Folkehelse/barn og unge sine interesser

Folkehelse og barn og unge sine interesser er også team som er vurdert i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje påverke desse interessene.

Verdiskaping og sysselsetting

Malasetvatnet er ein heilt sentral ressurs for produksjonen på settefiskanlegget. Eksisterande leidningar ligg i dag på om lag 7 meters djupne. Vatnet ved damanlegget blir fort oppvarma, særleg om sommaren. Dette gir store variasjonar i temperatur på vatnet som kjem ned til settefiskanlegget gjennom året. For å sikre betre fiskehelse og jamn produksjon, er det behov for meir stabil vasstemperatur ved inntaket. Det er derfor ønskjeleg å legge leidninga djupare enn i gjeldande reguleringsplan. Stabilt temperert vatn vil igjen gi redusert energiforbruk og innsparingar for miljøet.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Dei positive verknadene av planforslaget er at det gir betre driftstilhøve for produksjonen på settefiskanlegget. Det reduserer også energiforbruket.

Det er ikkje avdekkja nokon negative verknader av endringa. At regulert areal strekk seg lengre ut i vatnet, for å få vassinntaket på djupare vatn, fører til mindre arealbeslag totalt sett. Inngrepet i strandsona (overgangen mellom land og vatn) blir som i gjeldande regulering.

Det er ikkje gjort endringar i føresegner, men plankart er endra for å imøtekommne behov for vassinntak på større djupne i Malasetvatnet.

Kommunedirektøren rår til at «Detaljregulering for Trovåg settefiskanlegg», planid 1160-18-05, blir vedtatt slik det ligg føre med plankart datert 04.04.2023.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova og naturmangfaldlova.

Vedlegg:

1. Plankart 04.04.2023
2. Søknad om reguleringsendring_Trovåg settefiskanlegg
3. Vurdering av innkomne merknader 28.03.23
4. Plan og lengedprofil - inntaksleidning_09.02.2023
5. Føresegner 15.12.2020